



SELJE KOMMUNE
Næringsutvalet

Møtebok

Møtedato: 14.06.2011

Møtetid: Kl. 13:30 – 16.15

Møtested: Kommunehuset

Saksnr.: 018/11 - 025/11

Følgjande medlemmer møtte

Ingmar Solvåg, Ottar Nygård, Reidar Sandviknes, Miriam Friberg, Nils Per Sjøstad, Evy Ann Hatlenes (til kl. 16.00), Doris Hammersvik og Margareth Olin Leivdal

Følgjande medlemmer møtte ikkje

Gunn Helgesen, Ole Bosnes, Geir Rune Årsheim

Følgjande varamedlemmer møtte

Gunnar Silden

Følgjande frå administrasjonen møtte

Leiar kultur og næring Anita O.Hoddevik

Merknad til innkallinga

1. Sjekk e-postaddr. Miriam Friberg, sendt på feil.
2. Feil tidspunkt på den manuelle innkallinga, skal vere 13.30

Merknad til saklista

Tilleggssak. Annonseplass i Magasinet Frøyanes sak 025/11

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
018/11	Godkjenning av møtebok
019/11	Referatsaker
020/11	Felles næringssselskap for kommunane Eid, Selje og Vågsøy
021/11	Økonomisk støtte - Ervik Vegkyrkje
022/11	Søknad om finansieringsbidrag til prosjektet Stad skipstunnel
023/11	Søknad om tilskot - driftsfase Kapp det gode liv
024/11	Selje kloster - nettstad og symbol
025/11	Annonsepass i magasinet Frøyanes

Tilleggsaker:

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Næringsutvalet	14.06.2011	018/11

Sakshandsamar: Anne-Karin Hatlelid	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 11/608
--	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 05.04.11 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Næringsutvalet - 14.06.2011

NU-018/11 VEDTAK

Saka vart utsett til neste møte



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Næringsutvalet	14.06.2011	019/11

Sakshandsamar: Anne-Karin Hatlelid	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 11/607
--	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Næringsutvalet - 14.06.2011

Tilleggsreferat

Skriv frå Frøyanes dat. Juni 11 – vert sak 25/11

NU-019/11 VEDTAK

Som tilrådinga frå admin. Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Næringsutvalet	14.06.2011	020/11
Kommunestyret	22.06.2011	036/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Anita Otneim Hoddevik	FA-U01	11/127

Felles næringssselskap for kommunane Eid, Selje og Vågsøy

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
7	I	01.06.2011	Kristin Maurstad	VS: Oversending regionalt næringsutviklingsselskap SENDING NR 1
13	I	06.06.2011	Kristin Maurstad	Vedtekter/aksjonæravtalar - endra
14	I	08.06.2011	Alfred Bjørlo	Oversending regionalt næringsutviklingsselskap: Avklaringar knytt til oversendt utkast til aksjonæravtale

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.06.2011	Prosjektplan Nordfjord Vekst pr 060411.pdf	26939
03.06.2011	invitasjonfellesselskap.pdf	26938
03.06.2011	Budsjett Nordfjord Vekst 2012-2014, utkast mai 2011.pdf	26937
03.06.2011	Forretningsplan Nordfjord Vekst, 01.06.11.pdf	26936
03.06.2011	Følgjebrev nytt selskap.pdf	26935
03.06.2011	Oversikt eksterne møte, forprosjekt Nordfjord Vekst.pdf	26945
03.06.2011	Uttale frå Bremanger kommune, Nordfjord Vekst.pdf	26944
03.06.2011	Uttale frå Vanylven Utvikling, Nordfjord Vekst.pdf	26943
06.06.2011	Utkast Aksjonæravtale Nordfjord Vekst 060611.pdf	27058
06.06.2011	Utkast Vedtekter Nordfjord Vekst AS, 060611.pdf	27057
06.06.2011	Referat frå møte n liv 23 05 11.doc	27077

Saka gjeld

Handsaming av forprosjektrapport om oppretting av nytt regionalt næringsutviklingsselskap for kommunane Eid, Selje og Vågsøy. Forprosjektrapporten utgjer *forretningsplan for eit regionalt næringsutviklingsselskap for Eid, Selje og Vågsøy* med vedlegg og følgedokument etter nærare omtale i forretningsplanen.

Opplysningar til saka

På møtet i Næringsutvalet – NU den 23.02.11 blei følgjande vedteke samrøystes:

- *Eit felles næringselskap for fleire kommunar kan bli meir slagkraftig t.d. opp i mot fylkes og nasjonalnivå, andre nærings- og utviklingsmiljø. Ein kan forvente betre ressursutnytting og samordning av saker det er semje om å gjennomføre. Større nettverk i høve både tilsette og grunderar. Næringsutvalet ber administrasjonen kontakte Måløy Vekst, for å starte arbeidet med utforming av innhald i et felles næringselskap, selskaps-forretningsmodell og finansieringsavtaler - (inkl. avklaring med eksterne partnarar som fylkeskommunen, SIVA, Innovasjon Norge og bankar). Eit framlegg til organisering og finansiering skal leggest fram for NU 28. juni 2011.*

Vedtaket blei gjort på grunnlag av invitasjon kommunen mottok til å delta i skipinga av felles næringsutviklingsselskap frå Måløy Vekst. Invitasjonen gjekk til nabokommunane til Vågsøy; Selje, Vanylven, Eid og Bremanger. Andre aktuelle samarbeidspartnarar i Nordfjord, næringselskapet i Florø samt næringshagane i Gloppen og Stryn, vart også informert om initiativet. Eid kommunestyre gjorde eit liknande vedtak som NU, og det blei desse kommunane i lag med Vågsøy og Måløy Vekst som etablerte forprosjekt for felles regionalt næringselskap. Vanylven og Bremanger bestemte at dei ikkje vil inngå som medstiftarar i selskapet, men inngå samarbeidsavtalar med det nye selskapet samt delta i prosjektretta samarbeid om oppgåver der det er naturleg.

I forprosjektet har rådmennene vore prosjektansvarlege, i vår kommune representert ved Bård Fløde. Prosjekteigar har vore kommunane Eid, Selje og Vågsøy. Styringsgruppa for prosjektet har vore samansett av 1 representant frå kommunalt næringsapparat og 1 representant frå næringslivet i kvar kommune. Styringsgruppa har vore samansett slik; Sverre Søråa (næringslivsrepresentant Vågsøy), Nils Per Sjøstad (næringslivsrepresentant Selje), Stein Bjørhovde (næringslivsrepresentant Eid), Alfred Bjørlo (kommunalt næringsansvarleg Vågsøy), Anita Otneim Hoddevik (kommunalt næringsansvarleg Selje), Gerd Fløde Bjørlo (kommunalt næringsansvarleg Eid).

Prosjektsekretariat har vore utført av Måløy Vekst. Det har m.a. vore halde møter med ulike aktørar i Nordfjord – jf. oversikt over møter med eksterne aktørar i forprosjektet (vedlegg).

Styringsgruppa legg no fram forslag til organisering, ansvarsområde og finansieringsmodell for eit felles næringsutviklingsselskap for Eid, Selje og Vågsøy. Selskapet, med arbeidstittel "Nordfjord Vekst" skal vere eigd 60% av næringslivet og 40% av kommunane i regionen.

Grunngjeving for oppretting av felles næringselskap er m.a. å få meir tyngde og slagkraft, samt eit regionalt perspektiv på næringsutviklingsarbeidet. Det er også viktig at næringsutviklingsarbeidet blir gjort på næringslivet sine premisser. Regionen treng robuste og varige kompetansmiljø, samt løfteevne til å ta tak i større utviklingsprosjekt utover kommunegrensene. Alt dette vil medverke til å utvikle ein sterkare bu- og arbeidsmarknad for Nordfjord som region.

Ansvarsområde for selskapet

Det nye selskapet skal vere kommunane og næringslivet sitt overordna selskap for næringsutvikling, auka næringsaktivitet og nye etableringar i regionen. Selskapet skal ha tre hovudansvarsområde:

Næringslivskontakt (m.a. førstelinjeteneste/grunderkontakt for alle tre kommunar, forvaltning av kommunale næringsfond, kontakt næringsliv/skule og nettverksaktivitetar).

Næringsutviklingsprosjekt (m a innanfor IT/teknologi, fiskeri/marin næring, maritim næring og fornybar energi, profilering av næringslivet i regionen, samt ei nærare definert rolle innanfor reiseliv/kulturbaserte næringar).

Rammevilkår for næringsutvikling – næringspolitisk arbeid (m a utdanning på vgs-/høgskulenivå, utvikling av sterke offentlege kompetansmiljø, teknologisk infrastruktur og samferdslesatsing).

Organisering og arbeidsmåte for dagens næringsutviklingsselskap i Vågsøy, Måløy Vekst AS, ligg til grunn for det nye selskapet. Selskapet skal ikkje ta på seg næringshageoppgåver, drive utleige/kjøp/sal av areal eller betalt bedriftsrådgiving til enkeltbedrifter. Selskapet skal ha eit styre på sju personar som også er styre for kommunalt næringsfond i dei tre kommunane. I forretningsplanen er det føreslege å samle 1/3 av dei tre fonda til fellespott, og resten øyremerka den enkelte kommune.

Finansiering og organisering

Det blir lagt til grunn at selskapet skal ha ei stabil finansiering på min. kr 4 mill kr pr år med 3-4 års tidshorisont for å kunne planlegge langsiktig og ha nødvendig handlingsrom til å setje i gong viktige utviklingsprosjekt. Dei tre kommunane og næringslivet skal saman stå for grunnfinansiering på minst 3 mill kr pr år. I følgje forretningsplanen er forventningane at Selje kommune skal bidra med minimum kr. 500 000 med indeksregulering av beløpet over ei treårsperiode (2012-14). I 2011 er det forventningar om at kommunen skal gå inn med kr. 500 000 (inkl. aksjekapital på kr. 200 000).

Forventningar til næringslivet i regionen er minimum 1 million kroner årleg i aksjebidrag over ei treårsperiode. Prinsippet er at næringslivet bidreg med 1 kr. for kvar 2 kr. kommunane går inn med. Forventningane til næringslivet i Selje kommune blir då om lag kr. 250 000.

Ein legg til grunn at fylkeskommunen bidreg med oppstartstilskot, samt ekstra næringsfondsmidlar på anslagsvis 600.000 kr pr år ut over det kommunane elles ville ha fått. Bankane i regionen er utfordra til å gå inn som økonomiske partnerar, og ein har gjort intensjonsavtaler med Bremanger og Vanylven om samarbeid og felles finansiering av nærare definerte oppgåver.

Nordfjord Vekst skal frå starten av ha ein basisorganisasjon på tre stillingar med hovudkontor i Vågsøy, kontaktpunkt for grunderar og næringsliv i alle tre kommunar med utbygd videoinfrastruktur mellom. Bemanninga og lokalisering elles vil vere avhengig av prosjektaktivitetar og av strategi/styringssignal frå aksjonærane.

Lover/regelverk

Diverse lovverk.

Finansiering

I hovudsak kommunane og næringslivet i regionen.

Sakshandsamar si vurdering

Forprosjektet er gjennomført i tråd med prosjektplanen både kva angår innhald, tidsplan, økonomiske rammer og mandat.

Når det gjeld dei kritiske suksessfaktorane som vart blinka ut i risikoenalysen i forprosjektplanen, er dei gjennom forprosjektet avklart på følgjande måte:

Brei forankring og reell vilje blant alle berørte eigarar

Eigarane er dei tre kommunane og næringslivet i dei tre kommunane. Forprosjektet har så langt det har vore mulig avklart at den nødvendige forankringa og viljen i alle tre kommunar synest å vere til stades. Dette vil bli endeleg avklart gjennom kommunestyrebehandling i dei tre kommunane i juni 2011, og gjennom planlagt aksjonærteikning i næringslivet i andre halvår 2011

Finansiell løfteevne blant kommunar og næringsliv

Gjennom arbeidet med forprosjektet er det mellom anna lagt fram tal for bruk av frie midlar til næringsutviklingsarbeidet i Selje kommune som er om lag kr. 500 000 (2010-tal), dersom ein i tillegg tek med driftsutgifter til reiseliv (turistinformasjon og driftstilskot RS&N) og kulturbasert næring blir det totalt kr. 1 600 000. Omstillingsmidlar på 1.5 mill. kroner inkl. kommunen sin eigendel er i perioden 2010-2011 nytta til prosjekt nedfelt i strategisk næringsplan utført gjennom utviklingsprosjektet Selja og Stad. Når det gjeld Selje kommune sitt årlege driftstilskot til selskapet som er sett til kr. 500 000, like stor sum som Eid kommune som er ei større kommune enn Selje i både folketal og utstrekning, så bør dette kunne vere gjenstand for diskusjon.

Når det gjeld næringslivet sitt bidrag var det halde informasjons- og dialogmøte den 23. mai om arbeidet med forprosjektet. Tilbakemeldingane frå dei næringsdrivande på møtet var positive, og det ligg føre eit møtereferat om kva som var tilbakemeldingane i dialogdelen av møtet (vedlegg). Også her må ein kunne forvente at løfteevna til næringslivet i Selje er mindre enn i Eid og Vågsøy grunna storleik og tal på verksemder, også dette bør vere gjenstand for nærare diskusjon.

Aktiv støtte også økonomisk frå fylkespartnarskapen og SIVA-systemet

Fylkeskommunen vil bli ein viktig partnar, også økonomisk, for det nye selskapet. Det er signalisert frå fylkeskommunen at ein både vil bidra med midlar til selskapet i ein oppstartsfase, samt med ekstra kommunale næringsfondsmidlar av betydeleg større beløp enn i dag som ei "fast ordning" når ein får etablert eit felles regionalt næringsapparat. Sidan selskapet ikkje skal påta seg næringshageoppgåver, er støtte frå SIVA-systemet mindre aktuelt i denne omgang

Tematiske satsingsområde og oppgåver for det nye selskapet

Dette er avklart gjennom forprosjektet, jf kapittel 3 i forretningsplanen.

Sakshandsamar sin intensjon for arbeidet i styringsgruppa har vore at alle næringane i kommunen skal kunne ha nytte av og få hjelp frå næringssekskapet. Det har også vore brukt ein del tid på å finne ei dugande formulering for reiseliv og kulturbasert næringar.

Konklusjonen på dette området for styringsgruppa har vore at selskapet skal yte fyrstelinjeteneste og bidra til utvikling for desse næringane også, men ansvarstilhøve for t.d. utviklingsprosjekt må avklarast nærare med etablerte aktørar på dette feltet i Nordfjord som t.d. Reisemål Stryn og Nordfjord og VAKN.

Fleksibilitet og romslegheit frå alle partar

Forhandlingane og drøftingane i prosjektgruppa har vore halde i ein positiv tone, og ein har klart å kome fram til samla framlegg alle kan stille seg bak på alle område, inkludert semje om tematiske satsingar.

Næringslivet leier selskapet

Den foreslegne modellen for selskapet sikrar dette, og har tilslutning også frå representantane for dei kommunale næringsapparata i styringsgruppa. Endeleg avklaring frå kommunane si side får ein gjennom planlagt kommunestyrebehandling.

Reint teknisk blir det foreslått å danne selskapet gjennom ein emisjon i det eksisterande næringsutviklingsselskapet i Vågsøy, Måløy Vekst AS, med tilhøyrande endringar av vedtekter, nye aksjonæravtaler og val av nytt styre på ei ekstraordinær generalforsamling. Gjennom det nye selskapet blir det no etablert ein *modell* for eit regionalt næringsutviklingsselskap. I første omgang omfattar dette selskapet kommunane Eid, Selje og Vågsøy. På sikt er det fullt mulig at selskapet kan dekkje ein endå større region, f. eks. alle kommunane i Nordfjord, dersom det er ønske og vilje frå næringslivet i dei aktuelle kommunane til dette. Styringsgruppa for forprosjektet vil rå til at ein kjem tilbake til dette spørsmålet når selskapet er operativt, og ut frå interessa frå næringslivet i andre kommunar.

Konklusjon

Ut ifrå ei heilskapleg vurdering tilrår ein at kommunen kjøper seg inn og vedtek oppretting av selskapet, men etter nokon vilkår. Tilråding frå administrasjonen vert ettersendt grunna at ein treng litt meir tid til å fastlegge vilkåra.

Saksgang

Næringsutvalet tilrår saka for kommunestyret som gjer endeleg vedtak.

Etter at kommuneadvokat Svein Tømmerdal har hatt ein gjennomgang av forretningsplan, vedtekter og aksjonæravtale for Nordfjord Vekst AS har administrasjonen følgjande tilråding:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune stiller seg bak forprosjektrapport oversendt 1. juni 2011 og vedtek oppretting av nytt regionalt næringsutviklingsselskap for kommunane Eid, Selje og Vågsøy frå 1. januar 2012. Forprosjektrapporten utgjer *forretningsplan for eit regionalt næringsutviklingsselskap for Eid, Selje og Vågsøy* med vedlegg og følgjedokument etter nærare omtale i forretningsplanen. Det vert sett følgjande vilkår for dette vedtaket:

1.

Selje kommune forpliktar seg til å betale eit årleg tilskot på kr. 400 000 med indeksregulering av beløpet til selskapet i perioden 2012 – 2014. Dette beløpet er forhandla fram mellom kommunane Eid og Selje, der Selje betalar 40% og Eid 60% av beløpet (1 mill. kroner) som er desse kommunane sitt tilskot til selskapet. Vågsøy kommune betalar kr. 1 mill. i tilskot i same treårsperiode. Fyrste innbetaling blir i 2012. Måløy Vekst sin pott på kr. 2 mill. må då øyremerkast Vågsøy.

2.

Følgjande må innarbeidast med same ordlyd i utkastet til vedtekter §6, aksjonæravtale punkt 2 iii), samt tilføyast under punkt 4.2, første avsnitt i forretningsplanen for Nordfjord Vekst AS:

”Selskapets styre består av 7 medlemmer, hvorav 1 oppnevnes av hver av de deltagende kommunene og 4 velges av A-aksjonærene. Styret skal ha personlige varamedlemmer. A-aksjonærene skal gjennom valg av styremedlemmer og varamedlemmer til enhver tid påse at minst 1 styremedlem med tilhørende personlig varamedlem skal være fra hver av de deltagende kommunene.

Styreformann velges av generalforsamlingen blant de styremedlemmer som er valgt av A-aksjonærene. Styreformann skal til enhver tid ha tilknytning til næringslivet innenfor de deltagende kommuners område.

Selskapets signatur tegnes av styrets leder og 1 styremedlem i fellesskap. Styret kan meddele prokura. Styrets øvrige medlemmer velges for 2 år og personlige varamedlemmer velges også for 2 år.

De deltagende kommunene v/rådmann har møterett i styret, med tale og forslagsrett. Nærværende § kan kun endres ved enstemmighet blant A og B-aksjonærene”.

3.

Avtaletid for forretningsplan, aksjonæravtale og vedtekter for Nordfjord Vekst AS er 2012 – 2014, ei periode på 3 år. Aksjonæravtalen sitt pkt. 2 VI må endrast til omtala tidsperiode slik at dette punktet vert i samsvar med forretningsplanen sitt pkt. 5.2.

4.

Vilkår for vedtak om oppretting av felles næringssselskap er at næringslivet i Selje kommune er positive til tiltaket, samt oppfyller sin del av forpliktingar som er nedfelt i forretningsplan for Nordfjord Vekst med vedlegg. Dette vil utgjere kr. 200 000 for næringslivet i Selje kommune for perioden 2012-2014.

Handsaming i Næringsutvalet 14.06.11

Framlegg frå Nils-Per Sjøstad

Selje kommune stiller seg bak forprosjektrapport oversendt 1. juni 2011 og vedtek oppretting av nytt regionalt næringsutviklingssselskap for kommunane Eid, Selje og Vågsøy frå 1. januar 2012. Forprosjektrapporten utgjør *forretningsplan for eit regionalt næringsutviklingssselskap for Eid, Selje og Vågsøy* med vedlegg og følgjedokument etter nærare omtale i forretningsplanen.

1.

Selje kommune forpliktar seg til å betale eit årleg tilskot på kr. 400 000 med indeksregulering av beløpet til selskapet i perioden 2012 – 2015. Dette beløpet er forhandla fram mellom kommunane Eid og Selje, der Selje betalar 40% og Eid 60% av beløpet (1 mill. kroner) som er desse kommunane sitt tilskot til selskapet. Vågsøy kommune betalar kr. 1 mill. i tilskot i same fireårsperiode. Fyrste innbetaling blir i 2012. Måløy Vekst sin pott på kr. 2 mill. må då øyremerkast Vågsøy.

2.

Vilkår for vedtak om oppretting av felles næringssselskap er at næringslivet i Selje kommune er positive til tiltaket, samt oppfyller sin del av forpliktingar som er nedfelt i forretningsplan for Nordfjord Vekst med vedlegg. Dette vil utgjere ca kr. 200 000 for næringslivet i Selje kommune for perioden 2012-2015.

3.

Aksjonæravtale med justert kapittel iii) (under i rød farge) legges til grunn for vedtaket.

iii) Styremedlemmer og oppnevning/valg.

Selskapet skal ha et styre på 7 medlemmer med personlig oppnevne/valgte varamedlemmer. Hver av de deltagende kommunene har rett til å oppnevne 1 styremedlem og 1 varamedlem. Næringslivsaksjonærene skal velge 4 medlemmer og 4 personlige varamedlemmer til styret. Oppnevning og valg av styremedlemmer følger valgperiodene i kommunene.

Styreformannen velges av generalforsamlingen blant de styremedlemmer som er valgt av A-aksjonærene.

iv) Selskapet skal ha en valgnemnd på 3 personer som velges av næringslivsaksjonærene i Selskapet. Valgnemnden skal ha representanter fra næringslivet i alle kommunene.

4.

Dette vedtaket og eventuelt andre mindre justeringer skal samordnes med Eid og Vågsøy kommune før kommunestyremøtet 22. Juni.

NU-020/11 FRAMLEGG

Som framlegget frå Nils-Per Sjøstad

Samrøystes



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Næringsutvalet	14.06.2011	021/11

Sakshandsamar Bård Fløde	Arkiv FE-223, FA-C80	Arkivsak 09/329
-----------------------------	-------------------------	--------------------

Økonomisk støtte - Ervik Vegkyrkje

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	28.04.2009	Den Norske Kyrkja	Søknad om økonomisk støtte til Ervik Vegkyrkje
3	U	18.08.2009	Den Norske Kyrkja	Melding om vedtak - Økonomisk støtte til Ervik Vegkyrkje
5	U	17.06.2011	Den norske kyrkja	Melding om vedtak NU 14.06.11

Vedlegg i saka

Saka gjeld

Søknad om økonomisk støtte til Ervik Vegkyrkje

Opplysningar til saka

Kyrkjekontoret v/kyrkjeverje Helge Borgund søker om støtte til dekking av underskot i 2010 og underskotsgaranti for sesongen 2011.

Vi tek med litt informasjon frå kyrkjeverjet sin rapport for 2010:

I år var det ikkje sal av bøker. Det var ein del klage i fjor at det vart for mykje "børs". Det forsvann nokre bøker også slik at dette hadde ein lite att for. Elles var det nytta same opplegg som tidlegare år med servering av vafler og saft og kaffi. Inne i kyrkjerommet låg det ark med ulike meditasjonstema og bønner som folk kunne ta med seg, eller setje seg ned og ha ei stille stund for seg sjølv og det var tend lys i lysgloben. I garderoben var det lagt ut turistbrosjyrer og informasjon av ulikt slag.

Statistikken syner at det var 2050 personar innom som var i kontakt med vertane på eit eller anna vis. I gjesteboka er 51 sider utfylte med namn.

I bøssa la dei besøkande att kr. 33.212,-. Fellestrådet budsjetterte med kr. 30.000,-.

UTGIFTER:

Matvarer på Vestkapp Handel.	Kr. 2.442,40,-
Somboon Svedhaug (privat kjøp av egg og syltetøy)	Kr. 440,-
Løn.	Kr. 70.987,58,-
Arbeisgjevaravgift	<u>Kr. 7.524,68 -</u>
<i>Til saman</i>	<u>Kr. 81.394,66-</u>

INNTEKTER:

I bøssa	Kr. 33.212,-
Løyvde tilskot.	<u>Kr. 25.000,-</u>
Til saman	<u>Kr. 58.212,-</u>

Underskot **Kr. 23.182,-**

Som vanleg er ikkje løn for den tida kyrkjeverja har brukt på prosjektet rekna med, heller ikkje utgiftene til køyring, papir, kopiering og straum i kyrkja.

Mjølka til vaflane, ca. 40 liter, vart levert av Norvald Dalsbø. Dette har han sagt at han ikkje vil ha noko for. Dette skulle vere hans bidrag til drifta av Vegkyrkja.

Selje Reiselivsforening løyvde kr. 10.000,-. Selje Hotel løyvde kr. 5.000,-. Reisemål Stryn og Nordfjord løyvde kr. 10.000,-.

Ein vonar at det for ettertida let seg gjere å løyve tilskot i for eksempel 5 år i gongen, i alle fall at kommunen kan seie at garantien er gjeldande årleg ei tid framover for å få forutsigbarheit og at ein kan vite det tidleg om det vert Vegkyrkje eller ikkje.

Finansiering

Næringsfond

Sakshandsamar si vurdering

Vegkyrkja i Ervik er eit godt tiltak med mange besøkjande kvart år. I tillegg til å vere eit kyrkjeleg tiltak, er det eit godt kultur- og turismål. Det er viktig for Selje kommune og næringslivet at drift av Vegkyrkja i Ervik vert vidareført. Næringsutvalet dekte også i 2009 underskotet på om lag 20.000 kr.

Selje kommune bør dekkje underskotet for 2010 på 23.182 kr og gje garanti for eit tilsvarende beløp for 2011.

Saksgang

Næringsutvalet gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ervik Vegkyrkje får dekt underskotet på 23.182 kr for 2010 og får ein underskotsgaranti på 25.000 kr for sesongen 2011.

Eventuell utbetaling av underskotsgaranti for 2011 vert gjort etter at Vegkyrkja har lagt fram rekneskap for sesongen 2011.

021/11: Økonomisk støtte - Ervik Vegkyrkje

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ervik Vegkyrkje får dekt underskotet på 23.182 kr for 2010 og får ein underskotsgaranti på 25.000 kr for sesongen 2011.

Eventuell utbetaling av underskotsgaranti for 2011 vert gjort etter at Vegkyrkja har lagt fram rekneskap for sesongen 2011.

Handsaming i Næringsutvalet - 14.06.2011

Framlegg frå Margareth O. Leivdal

Ervik vegkyrkje får delt underskotet på 23.182 for 2010 og får ein underskotsgaranti på 25.000,- for sesongen 2011.

Framlegget frå Margareth O. Leivdal fekk 6 røyster, 1 røysta imot.

Tilrådinga fekk 0 røyster.

NU-021/11 VEDTAK

Som framlegget frå Margareth O. Leivdal med 6 mot 1 røyst.

Utskrift til: Ervik Vegkyrkje



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Næringsutvalet	14.06.2011	022/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Anita Otneim Hoddevik	FA-Q64	07/153

Søknad om finansieringsbidrag til prosjektet Stad skipstunnel

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
29	I	23.05.2011	Kristin Maurstad	VS: Søknad Stad skipstunnel
31	U	17.06.2011	Stad Skipstunnel	Melding om vedtak

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.06.2011	Søknad Selje kommune, Stad skipstunnel, 23.05.11.pdf	26615
07.06.2011	Prosjektplan Prosjekt Stad skipstunnel pr 250311.pdf	26616

Saka gjeld

Prosjektgruppa søker med dette jf. brev dat. 23.05.11 om finansieringsbidrag frå Selje kommune til Prosjekt Stad skipstunnel på kr 100 000 i 2011, og signal om at kommunen ønskjer å bidra i 2012 og 2013.

Opplysningar til saka

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel, bestående av fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, LO, og kommunane Vanylven, Selje og Vågsøy, vedtok i møte 16.02.11 at det skal utarbeidast ei ny prosjektplan med ny prosjektorganisering av prosjektet. Dette for å sikre ei breiare forankring av roller, ansvar og oppgåver, finansieringsplan, og med klart definerte mål.

Mål for arbeidet: Prosjektet Stad skipstunnel skal marknadsførast inn mot sentrale avgjerdstakarar. Det endelege målet er å få realisert Stad skipstunnel gjennom ei særskilt

statleg finansiering. Prosjektet ligg inne i NTP med startløyving, dette må ein arbeide for å få følgt opp og rykke opp i første 4-årsperiode ved neste rullering. Sjå detaljert beskriving av prosjektet, inkludert finansieringsplan i vedlagde prosjektplan. Ein har sendt søknad til dei to fylkeskommunane Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane der ein ber dei om å vere prosjekteigar for prosjektet.

Kortfatta status for pågåande aktivitet pr i dag:

Frukostmøte i Oslo 3. mai

Gjennomført med ca 60 deltakarar. Bra mediadekning i etterkant, spesielt om Ottar Aare sitt omgrep "Vestlandets lyntogprosjekt". Det er ei utfordring for komande arrangement å nå fram til alle politikarar. Systemet i dei ulike partia fungerer ikkje godt nok for spreieing av invitasjonar.

Innspele til KS1-gruppa

Ein har frå fleire hald kome med innspel til Holte og Econ, som har ansvar for kvalitetssikringa. Dei leverer sitt arbeid til departementet før sommaren, men det er usikkert kva tid konklusjonen blir offentleg.

Prosjektorganisering og finansiering

Søknad til dei to fylkeskommunane vart sendt før påske. Fylkeskommunane innstiller på å løyve omsøkt sum (kr 250 000 frå kvar fylkeskommune i tre år), men at dei ikkje ønskjer å ta prosjekteigarskap. Det er fylkesting i begge fylka denne veka, då får ein ei avgjerd. Det er sendt søknad om finansieringsbidrag til fleire aktørar, mellom anna næringssselskap og hamneselskap.

Nettside

A til Å i Florø er hyra for å vidareutvikle nettsida www.skipstunnel.no. Dette arbeidet pågår for fullt no. Ein er i dialog med eigar av nettsida www.stadskipstunnel.no for å eventuelt kunne kjøpe domenet og slå saman dei to sidene.

Aktivitet framover

Kristin presenterer prosjektet for Vestlandsrådet 14. juni, med alle fire fylkesutvala og samferdsleministeren til stades.

Arbeid med å plukke ut deltakarar i styringsgruppe og referansegruppe må startast etter ferien. Det blir jobba med rapport om nestenulykker.

Rolls Royce leverer m.a. rapport om bølgefjorhold.

Politisk påverknad må intensiverast til hausten.

Prosjektet har i det siste også fått omtale i riksdekkande media og presse som t.d. oppslag i Bergens Tidende og VG i tillegg til innslag på TV2 og NRK.

Neste møte i prosjektgruppa er 20. juni.

Næringsutvalet løyvde i møte den 22.06.10 sak 17/10 kr. 100 000 til prosjektet. I møte den 13.12.10 sak 39/10 vart det løyvd kr. 25 000 til ny film som del av løyving i sak 17/10. Same løyving er også nytta til å betale kommunen sin del av SINTEF-rapport kr. 25 000.

Lover/regelverk

Retningslinjer for bruk og forvaltning av Selje Næringsfond.
Strategisk Næringsplan 2010-2015.

Finansiering

Sakshandsamar si vurdering

Stad Skipstunnel har vore og er framleis eit veldig viktig prosjekt for kommunen når det gjeld t.d. sikkerhet for båttrafikk rundt Stad, auka frakt av gods over sjø, som infrastrukturtiltak og ikkje minst som turistattraksjon og for reiselivet.

Det er difor viktig at kommunen som vertskommune gjer dei naudsynte grep for å ta prosjektet vidare. Utarbeiding av ny prosjektplan med opplista aktivitetar og organisering er eit viktig grep for vidare arbeid med saka.

Konklusjon

Tilrår at det vert løyvd kr. 100 000 til vidare arbeid med prosjektet Stad skipstunnel. Kommunen vil også bidra med sin del i 2012 og 2013 jf. prosjektplanen.

Saksgang

Næringsutvalet gjer vedtak i saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Næringsutvalet løyver kr. 100 000 til vidare arbeid med prosjektet Stad skipstunnel jf. søknad dat. 23.05.11 frå prosjektgruppa for Stad skipstunnel. Kommunen vil også bidra med sin del i 2012 og 2013 jf. prosjektplanen.

Handsaming i Næringsutvalet - 14.06.2011

NU-022/11 VEDTAK

Som tilrådinga frå admin.

Samrøystes.

Utskrift til: Stad Skipstunnel



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Næringsutvalet	14.06.2011	023/11

Sakshandsamar Anita Otneim Hoddevik	Arkiv FE-223	Arkivsak 10/719
---	------------------------	---------------------------

Søknad om tilskot - driftsfase Kapp det gode liv

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
15	I	15.04.2011	Magne Grimstad	Kapp det gode liv
17	U	17.06.2011	Kapp det gode liv v/Magnar Grimstad	Melding om vedtak

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.06.2011	midlar_til_driftsfasa.doc	26854
07.06.2011	Regnskap_forprosjektet_kapp_det_gode_liv.pdf	26855

Saka gjeld

Saka gjeld

Tilbod om kjøp av marknadsføring/omtale av Selje kommune i Magasinet til Kapp det gode liv dat. 15.04.11.

Opplysningar til saka

Reiselivssatsinga Kapp det gode liv har avslutta forprosjektet og er over i driftsfasa. Økonomisk oversikt over prosjektet er vedlagt saka. I denne samanheng skal trykksaka Magasinet lagast og sendast ut til alle husstandane i kommunane som er med i prosjektet i Nordfjord og på Sunnmøre. Aktørar og kommunar tilknyta prosjektet har i høve til dette fått spørsmål om å kjøpe annonsepakkar i Magasinet. Kommunane blir skilt frå aktørane ved å få ein redaksjonell omtale – ein magasinartikkel med bilete. Bidraget frå kommunane er forventa å vere kr. 10 000. – pakke 3.

Prosjektet jobbar også med nettsider, ferjereklame, plakettar og facebookside. Dei jobbar også mot ulike sponsorar samt Innovasjon Noreg i Sogn og Fj. og Møre og Romsdal.

Aktørar i kommunen som er med i prosjektet er t.d Doktorgården og Stad Naturguiding. Det er påpeika frå prosjektleiinga at deltaking frå kommunane er viktig for at prosjektet skal nå driftsfasa.

Annonseringsfrist var 29. april og sakshandsamar har allereie forskotert marknadsføringspakken då kommunen har vore med i reiselivssatsinga sidan starten. Magasinet vert sendt ut i disse dagar og artikkel om Selje kommune er **vedlagt saka**.

Love/regelverk

Retningslinjer for bruk og forvaltning av Selje næringsfond.

Finansiering

Sakshandsamar si vurdering

Reiselivssatsinga Kapp det gode liv er spennande og viktig for dei små reiselivsaktørane i regionen. Ruta legg også vekt på lokalturisme som kan og bør vere ein aukande marknad framover. Ruta legg nettopp vekt på å få fram dei unike og små stadane/aktørane i vår region og naboregionar, som få veit om.

Konklusjon

Tilrår at kommunen kjøper marknadsføringspakke nr.3 i Magasinet.

Saksgang

Næringsutvalet gjer vedtak i saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Søknad/tilbod dat. 15.04.11 om kjøp av marknadsføringspakke nr.3 for Selje kommune i Magasinet til Kapp det gode liv på kr. 10 000 vert imøtekomen.

Handsaming i Næringsutvalet - 14.06.2011

NU-023/11 VEDTAK

Som tilrådinga frå admin.

Samrøystes.

Utskrift til: Kapp det gode liv



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Næringsutvalet	14.06.2011	024/11
Kommunestyret	22.06.2011	037/11

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Bård Fløde	FA-C50	10/587

Selje kloster - nettstad og symbol

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
7	U	17.06.2011	Arrangementskomiteen	Sunnivautstillinga i Bergen 4. til 7. sept. 2011 - Lokal arrangementskomite

Saka gjeld

Status i arbeidet med ny nettstad for Selje kloster og helgenanlegg, kfr. løyving i sak 011/11. Utvikling av symbol for anlegget. Prosjektleder er Bjørn Jensen.

Opplysningar til saka

Skjøtsels- og konserveringsprosjektet for Selje kloster og helgenanlegg og Selja og Stad har utarbeidd ei strategisk ramme for ein offisiell nettstad knytt til kloster og helgenanlegget på Selja. Tal besøkande forventast å auke kraftig dei kommande åra på grunn av alle aktivitetane knytt til pilegrimssatsinga og helsenytteturisme. Også den faglige interessa knytt til skjøtsels- og konserveringsarbeidet er stor. Ein etablerar no ein profesjonell nettstad som kan gje lokalbefolkninga, turistar, pilegrimar og fagfolk ei god oversikt over anlegget, oppdatert fakta, besøksinformasjon med meir.

Overordna målsetting skal vere å formidle opplysning til ålmenta og faglig relatert stoff knytt til kloster og helgenanlegget spesielt og øya Selja generelt. Nettstaden skal gje oppdatert informasjon og fakta til folk flest. Nettstaden skal og spegle verksemda i skjøtsels- og konserveringsprosjektet i regi av Riksantikvaren, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Selje kommune. Verdiskapingspotensial som ligg i kultur, kulturminne og naturressursar på Selja skal synleggjerast.

Status

Det ligg no føre ein første versjon av nettstaden. Denne vert presentert i møte. I samband med utvikling av nettstaden er det utarbeidd designelement som symbol, fargepalett og skriftfontar. Sidan Selje kloster og helgenanlegg aldri har hatt ein visuell profil inneber utvikling av

nettstaden også nybrottsarbeid på dette område. Skisser til designelementa blir lagt fram og kommentert i møte.

Framdrift

Første versjon av nettstaden skal etter planen vere klar til 20. juni år. Til tross for at det føreligg designskisser som også kan nyttast som logo meiner prosjektleiar at det er prematurt å fatte vedtak om varig symbol/logo på grunnlag av disse skissene. Ein vil derfor komme tilbake med eit framlegg til prosess for utvikling av varig symbol/logo for Selje kloster og helgenanlegg. Utvalde designelementa til nettstaden (fargepalett og skriftfontar) tas i bruk no. Desse kan endrast/justerast når symbol/logo for Selje kloster og helgenanlegg ligg føre.

Saksgang

Saka går vidare til kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Næringsutvalet tek til orientering at det vert utarbeidd forslag til logo for Selje kloster og helgenanlegg til seinare handsaming og at ein prioriterer arbeidet med presentasjon av heimesider med lansering 20. juni.

Handsaming i Næringsutvalet - 14.06.2011

NU-024/11 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå admin

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Næringsutvalet	14.06.2011	025/11

Sakshandsamar Anita Otneim Hoddevik	Arkiv FE-223, FA-U01	Arkivsak 11/627
---	--------------------------------	---------------------------

Annonseplass i magasinet Frøyanes

Handsaming i Næringsutvalet - 14.06.2011

NU-025/11 VEDTAK

Selje kommune kjøper 1/8 side til kr. 4850 + mva i Magasinet som skal trykkast i samband med dåp av Frøyanes.

Finansiering over næringsfondet.

Samrøystes.

Utskrift til: Ervik Havfiske v/Frøyanes

018/11: Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 05.04.11 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Næringsutvalet - 14.06.2011

NU-018/11 VEDTAK

Utsett til neste møte.

019/11: Referatsaker

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Næringsutvalet - 14.06.2011

Tilleggsreferat

Skriv frå Frøyanes dat. Juni 11 – vert sak 25/11

NU-019/11 VEDTAK

Som tilrådinga frå admin. Samrøystes.

020/11: Felles næringssselskap for kommunane Eid, Selje og Vågsøy

Etter at kommuneadvokat Svein Tømmerdal har hatt ein gjennomgang av forretningsplan, vedtekter og aksjonæravtale for Nordfjord Vekst AS har administrasjonen følgjande tilråding:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune stiller seg bak forprosjektrapport oversendt 1. juni 2011 og vedtek oppretting av nytt regionalt næringsutviklingselskap for kommunane Eid, Selje og Vågsøy frå 1. januar 2012. Forprosjektrapporten utgjer *forretningsplan for eit regionalt næringsutviklingselskap for Eid, Selje og Vågsøy* med vedlegg og følgjedokument etter nærare omtale i forretningsplanen. Det vert sett følgjande vilkår for dette vedtaket:

1.

Selje kommune forpliktar seg til å betale eit årleg tilskot på kr. 400 000 med indeksregulering av beløpet til selskapet i perioden 2012 – 2014. Dette beløpet er forhandla fram mellom kommunane Eid og Selje, der Selje betalar 40% og Eid 60% av beløpet (1 mill. kroner) som er desse kommunane sitt tilskot til selskapet. Vågsøy kommune betalar kr. 1 mill. i tilskot i same treårsperiode. Fyrste innbetaling blir i 2012. Måløy Vekst sin pott på kr. 2 mill. må då øyremerkast Vågsøy.

2.

Følgjande må innarbeidast med same ordlyd i utkastet til vedtekter §6, aksjonæravtale punkt 2 iii), samt tilføyast under punkt 4.2, første avsnitt i forretningsplanen for Nordfjord Vekst AS:

”Selskapets styre består av 7 medlemmer, hvorav 1 oppnevnes av hver av de deltagende kommunene og 4 velges av A-aksjonærene. Styret skal ha personlige varamedlemmer. A-aksjonærene skal gjennom valg av styremedlemmer og varamedlemmer til enhver tid påse at minst 1 styremedlem med tilhørende personlig varamedlem skal være fra hver av de deltagende kommunene.

Styreformann velges av generalforsamlingen blant de styremedlemmer som er valgt av A-aksjonærene. Styreformann skal til enhver tid ha tilknytning til næringslivet innenfor de deltagende kommuners område.

Selskapets signatur tegnes av styrets leder og 1 styremedlem i fellesskap. Styret kan meddele prokura. Styrets øvrige medlemmer velges for 2 år og personlige varamedlemmer velges også for 2 år.

De deltagende kommunene v/rådmann har møterett i styret, med tale og forslagsrett. Nærværende § kan kun endres ved enstemmighet blant A og B-aksjonærene”.

3.

Avtaletid for forretningsplan, aksjonæravtale og vedtekter for Nordfjord Vekst AS er 2012 – 2014, ei periode på 3 år. Aksjonæravtalen sitt pkt. 2 VI må endrast til omtala tidsperiode slik at dette punktet vert i samsvar med forretningsplanen sitt pkt. 5.2.

4.

Vilkår for vedtak om oppretting av felles næringselskap er at næringslivet i Selje kommune er positive til tiltaket, samt oppfyller sin del av forpliktingar som er nedfelt i forretningsplan for Nordfjord Vekst med vedlegg. Dette vil utgjere kr. 200 000 for næringslivet i Selje kommune for perioden 2012-2014.

Handsaming i Næringsutvalet - 14.06.2011

Framlegg frå Nils-Per Sjøstad:

Selje kommune stiller seg bak forprosjektrapport oversendt 1. juni 2011 og vedtek oppretting av nytt regionalt næringsutviklingselskap for kommunane Eid, Selje og Vågsøy frå 1. januar 2012. Forprosjektrapporten utgjer *forretningsplan for eit regionalt næringsutviklingselskap for Eid, Selje og Vågsøy* med vedlegg og følgjedokument etter nærare omtale i forretningsplanen.

1.

Selje kommune forpliktar seg til å betale eit årleg tilskot på kr. 400 000 med indeksregulering av beløpet til selskapet i perioden 2012 – 2015. Dette beløpet er forhandla fram mellom kommunane Eid og Selje, der Selje betalar 40% og Eid 60% av beløpet (1 mill. kroner) som er desse kommunane sitt tilskot til selskapet. Vågsøy kommune betalar kr. 1 mill. i tilskot i same fireårsperiode. Fyrste innbetaling blir i 2012. Måløy Vekst sin pott på kr. 2 mill. må då øyremerkast Vågsøy.

2.

Vilkår for vedtak om oppretting av felles næringselskap er at næringslivet i Selje kommune er positive til tiltaket, samt oppfyller sin del av forpliktingar som er nedfelt i forretningsplan for Nordfjord Vekst med vedlegg. Dette vil utgjere ca kr. 200 000 for næringslivet i Selje kommune for perioden 2012-2015.

3.

Aksjonærvtale med justert kapittel iii) (under i rød farge) legges til grunn for vedtaket.

iii) Styremedlemmer og oppnevning/valg.

Selskapet skal ha et styre på 7 medlemmer med personlig oppnevne/valgte varamedlemmer. Hver av de deltagende kommunene har rett til å oppnevne 1 styremedlem og 1 varamedlem. Næringslivsaksjonærene skal velge 4 medlemmer og 4 personlige varamedlemmer til styret. Oppnevning og valg av styremedlemmer følger valgperiodene i kommunene.

Styreformannen velges av generalforsamlingen blant de styremedlemmer som er valgt av A-aksjonærene.

iv) Selskapet skal ha en valgmennd på 3 personer som velges av næringslivsaksjonærene i Selskapet. Valgmennden skal ha representanter fra næringslivet i alle kommunene.

4.

Dette vedtaket og eventuelt andre mindre justeringer skal samordnes med Eid og Vågsøy kommune før kommunestyremøtet 22. Juni.

NU-020/11 FRAMLEGG

Som framlegget frå Nils Per Sjøstad.

Samrøystes.

021/11: Økonomisk støtte - Ervik Vegkyrkje

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ervik Vegkyrkje får dekt underskotet på 23.182 kr for 2010 og får ein underskotsgaranti på 25.000 kr for sesongen 2011.

Eventuell utbetaling av underskotsgaranti for 2011 vert gjort etter at Vegkyrkja har lagt fram rekneskap for sesongen 2011.

Handsaming i Næringsutvalet - 14.06.2011

Framlegg frå Margareth O. Leivdal

Ervik vegkyrkje får delt underskotet på 23.182 for 2010 og får ein underskotsgaranti på 25.000,- for sesongen 2011.

Framlegget frå Margareth O. Leivdal fekk 6 røyster, 1 røysta imot.
Tilrådinga fekk 0 røyster.

NU-021/11 VEDTAK

Som framlegget frå Margareth O. Leivdal med 6 mot 1 røyst.

Utskrift til: Ervik Vegkyrkje

022/11: Søknad om finansieringsbidrag til prosjektet Stad skipstunnel

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Næringsutvalet løyver kr. 100.000 til vidare arbeid med prosjektet Stad skipstunnel jf. Søknad dat. 23.05.11 frå prosjektgruppa for Stad Skipstunnel. Kommunen vil også bidra med sin del i 2012 og 2013 jf. prosjektplanen

Handsaming i Næringsutvalet - 14.06.2011

NU-022/11 VEDTAK

Som tilrådinga frå admin.

Samrøystes.

Utskrift til: Stad Skipstunnel

023/11: Søknad om tilskot - driftsfase Kapp det gode liv

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Søknad/tilbod dat. 15.04.11 om kjøp av marknadsføringspakke nr.3 for Selje kommune i Magasinet til Kapp det gode liv på kr. 10 000 vert imøtekomen.

Handsaming i Næringsutvalet - 14.06.2011

NU-023/11 VEDTAK

Som tilrådinga frå admin.

Samrøystes.

Utskrift til: Kapp det gode liv

024/11: Selje kloster - nettstad og symbol

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Næringsutvalet tek til orientering at det vert utarbeidd forslag til logo for Selje kloster og helgenanlegg til seinare handsaming og at ein prioriterer arbeidet med presentasjon av heimesider med lansering 20. juni.

Handsaming i Næringsutvalet 14.06.11:

NU-24/11 FRAMLEGG

Som tilrådinga.

Samrøystes

Handsaming i Næringsutvalet - 14.06.2011

NU-024/11 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå admin

Samrøystes.

025/11: Annonseplass i magasinet Frøyanes

Handsaming i Næringsutvalet - 14.06.2011

NU-025/11 VEDTAK

Selje kommune kjøper 1/8 side til kr. 4850 + mva i Magasinet som skal trykkast i samband med dåp av Frøyanes.

Finansiering over næringsfondet.

Samrøystes.

Utskrift til: Ervik Havfiske v/Frøyanes

